

Til rektor v/Gimle skule Anders Bergsland

Frå FAU v/FAU-leiar Kari-Kristina Eidam

Hei,

dette blei tatt opp på SU/SMU møtet:

➤ **Permisjon frå opplæring i Fyresdal kommune:**

- Under §3: «Foreldre og føresette må sende søknad om permisjon til skulen via Visma føresettportalen, **om det er mogleg** 14 dagar før permisjonen det vert søkt om byrjar.» (grunn: uforutsette ting/familiære grunnar)
- «Ein kan **som regel** søkje om permisjon frå skulen i inntil to veker (ti skuledagar).» (grunn: skal vere retningslinje med individuell vurdering)
- Viss det står «Det er ikkje vanleg å gje permisjon til ferie, treningssamlingar eller liknande når eleven har udokumentert fråvær», bør det også nemnes « · **ferie og treningssamlingar**» under «Skulen kan innvilgje permisjon for:».
- Det er også ynskjeleg å nemne «familiære årsaker» under «Skulen kan innvilgje permisjon for» (eksempel: jubilæum, barsel, mm.)

➤ **Forskrift om skulereglar i Fyresdal kommune:**

- (Under § 4: 12. Vi held oss innan**for** skulens område.)
- Under § 7: «Ikkje mobbe eller på andre måtar krenke andre fysisk, **kroppsspråkleg**, verbalt eller digitalt.» (som tidlegare i same dokumentet)
- Under § 8 – 2: (spørsmål: Kvifor ikkje SFO/leksehjelp når det gjeld bortvisning, og har dei eit alternativ?)
- Under § 11: «I særlege tilfelle kan kommunen gjere vedtak om at ein elev skal flyttast til ein annan skule...». (Etter vår forståelse er skulebytte berre aktuell i same kommune. Er det derfor riktig å nemne det i små kommuner med éin skule, sånn som her?)